



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for september 2021.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
57



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Anne Gry Eilertsen
Visepres:	Idar Flø
Styremedlem:	Ove Midtflø
Sekretær:	Vegard Gjerde
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Oskar Grimstad
Ansv.red.:	Hans Gisle Holstad
Referent:	Johan Ole Brandal

Nyperose

Nyperose, nyperose,
Barneblomst på barnetrær.
Dine fine røde hjerter,
fine, røde, lette hjerter
Ligner ganske unge pikers
Før de vet hvem de har kjær.

Nyperose, nyperose,
Klar og åpen og uskyldig,
Som en munter liten pike
Kledt i rene søndagsklær —

Nyperose, nyperose,
Jeg vil være den du er !

Inger Hagerup

Referat frå Rotarymøte 6. september 2021.

Denne mandagen var det dugnad på Rotarystien.

Frammøtet var ikkje det beste, men det blei grusing av stien frå bruva ved Grimstadvatn-osen til Kaldholen, og arbeid med rydding av området ved den store gapahuken, som er tenkt bruk til diverse leikeapparat. Presidenten Anne Gry Eilertsen hadde med nybakt kake og kaffi, noko som blei sett stor pris på av dugnadsfolket.

Referat frå Rotarymøte 13. september 2021.

Denne mandagen hadde vi stortingsval i Norge, og i tråd med god tradisjon var det ikkje Rotarymøte denne dagen.

Møtelokale var imidlertid ope for den som yngste ein prat og ein kaffikopp.

Referat frå Rotarymøte 20. september 2021.



Denne mandagen fekk vi eit svært interessant foredrag av 1. amanuensis ved NTNU i Ålesund, Jan Emblemsvåg.

Vi hadde også 2 gjestar som vi vonar vil verte medlemmar i Hareid Rotary.

Dette var Janita Naustenget og Dag Harald Iggesund.

Temaet for foredraget var kraftproduksjon, og den generelle knappheit på el kraft i verda.

Her blei dei forskjellige måtane å framstille el kraft på vurderte opp mot kvarandre, med spesiell vekt på kjernekraft.

Vind, sol, bølge osv blei framstilt som for smått og for lite når fossilt brennstoff skal fasast ut.

I tillegg til vasskrafta som vi utnyttar, må vi ha noko som monnar iflg foredragshaldaren.

I den anledning kjem vi ikkje utanom kjernekraft, framleis ihht dagens foredragshaldar Jan Emblemsvåg.

Thorium kraftverk kan også bli aktuelt, om ein maktar å gjere det økonomisk berekraftig og trygt å bruke.

Det blei argumentert for fordelane med kjernekraft, slik som økonomi, miljø, sikkerheit osv.

Som avslutning blei det gitt anledning til spørsmål, noko som forsamlinga nyttta seg av.

Vi takkar for eit tankevekkande og godt foredrag.

Referat frå Rotarymøte 27. september 2021.

Dette var siste møtedag i månaden og såleis program fritt.

Sjølv om møtet skulle vere utan program, blei første del nytta til å ynskje to nye medlemmar velkomne som fullverdige medlemmar i klubben.

Dei to var Lars Petter Moldskred og Perry Stave.

Seremoniemeister Johan Ole Brandal stod for presentasjon og opptaksforedrag, og presidenten avslutta seremonien med å feste Rotary Nåla på jakkeslaget til dei to nye medlemmane.

Vi vonar dei vil trivast.

Etter dette gjekk praten livlig rundt borda, til vafler og kaffi.

